

## **Åmøy Havn AS – Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø, Vestre Åmøy, Rennesøy kommune – Utlegging til offentlig ettersyn**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Åmøy Havn AS om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling av ca. 40 000 m<sup>3</sup> sprengsteinsmassar i sjø på gnr. 43, bnr. 123 m.fl. ved småbåthamna, Vestre Åmøy.

I samband med utviding av båthamn er det naudsynt med ei utfylling i sjø. Føremålet med utfyllinga er å etablere ein molo. Reguleringsplan for utviding av småbåthamna blei vedteken i 2014. I nærleiken av utfyllingsområdet er det registrert 3 ålegrasenger med verdi A (svært viktig), samt 2 blautbotnsområder med verdi B (viktig). Desse er viktige funksjonsområder for fisk, og innehar høg naturtyperikdom. Torsteinsvika er eit svært viktig overvintringsområde for sjøfugl. Tidlegare sedimentundersøkingar i nærleiken av utfyllingsområdet mot vest viste at 7 av 10 prøvar viste liten eller ingen grad av forureining. Dei mest forureina prøvane var i midlertidig lokalisert lengst mot vest i eit område som seinare er oppmudra med løyve etter forureiningslova frå Fylkesmannen.

Søker har foreslått bruk av lense for oppsamling av eventuelle skyteledningar av plast. I eit eventuelt løyve kan det, med hensyn til føre-var-prinsippet, bli aktuelt å stilla krav til avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av arbeidet.

Søknadsdokumenta blir lagt ut til offentlig ettersyn i Rennesøy kommune, Asalveien 6, Vikevåg, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen/rogaland](http://www.fylkesmannen/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no), innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 08.07.2015

Vår ref.: 2014/9936

Arkivnr.: 461.5

Adresseliste

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Åmøy Havn AS - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø på gnr. 43, bnr. 123., Båsen, Vestre Åmøy, Rennesøy kommune - Fylkesmannen ber om uttale til søknaden innan 4 veker**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Åmøy Havn AS om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling i sjø ved Båsen, Vestre Åmøy i Rennesøy kommune.

Søknaden blir kunngjort i Stavanger Aftenblad og legges ut til offentleg ettersyn i Rennesøy kommune, Asalveien 6, Vikevåg, 4159 Rennesøy og på Fylkesmannen i Rogalands internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Vi viser elles til vedlagte høyringsbrev til Rennesøy kommune, samt høyringsdokumenta på vår internettside.

Fylkesmannen ber om at eventuell uttale til søknaden blir sendt oss innan 4 veker.

Med helsing

Einar Haualand  
fung. fylkesmiljøvernssjef

Marte Kjelby  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marte Kjelby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48  
E-post: [fmromkj@fylkesmannen.no](mailto:fmromkj@fylkesmannen.no)

Vedlegg:

Høyringsbrev av 08.07.2015 til Rennesøy kommune

Adresseliste:

Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Museum Stavanger AS	Muségata 16	4010	STAVANGER
Stavangerregionen Havn IKS	Strandkaien 46	4005	STAVANGER

Kopi til:

Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	RENNESØY
Åmøy Havn AS	Båsen 38	4152	VESTRE ÅMØY



Rennesøy kommune  
Postboks 24  
4159 RENNESØY

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Åmøy Havn AS - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø på gnr. 43, bnr. 123 m.fl., Båsen, Vestre Åmøy, Rennesøy kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

**Frist for uttale er 8 veker.**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Åmøy Havn AS om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling i sjø ved Båsen, Vestre Åmøy.

### Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	arbeid i sjø
Plassering:	gnr. 43, bnr. 123 m.fl.
Søknaden gjeld:	utfylling
Berekna volum:	ca. 40 000 m <sup>3</sup>
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	ca. 4 800 m <sup>2</sup>
Utfyllingsstid:	tentativt: høsten 2015 - høsten 2016
Planlagt avbøtande tiltak:	lense med 5 meter hengande skjørt

### Bakgrunn/Søknad

I samband med utviding og sikring av båthamn er det naudsynt med etablering av ei utfylling i sjø. Det er søkt om å fylle ut ca. 40 000 m<sup>3</sup> sprengsteinsmasser som vil dekkje eit areal på ca. 4 800 m<sup>2</sup>. Utfyllinga vil i hovudsak føregå med gravemaskin frå land, men det kan og bli aktuelt å nytta lekter ved behov. Søkjar planlegg å nytta siltgardin som avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av tiltaket. Reguleringsplan for utviding av småbåthamna blei vedtatt i 2014, plan id: 2013004.

Tidlegare sedimentundersøkingar i nærleiken av tiltaksområdet mot vest (2002<sup>1</sup> og 2005<sup>2</sup>), viste at 7 av 10 sedimentprøvar var forureina tilsvarande tilstandsklassane I («ubetydeleg-lite») og II («moderat») i henhold til SFTs rettleiing 97:03 «Klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og

<sup>1</sup> Multiconsult AS (2002) Vestre Åmøy. Deponi for brunsteinsbatterier. Oppdragsnr. 102749-1

<sup>2</sup> Multiconsult AS (2005) Mudring for småbåtmarina, Vestre Åmøy. Oppdragsnr. 211451

kystfarvann». Dei mest forureina prøvene var lokalisert lengst mot vest i eit område som seinare er oppmudra med løyve etter forureiningslova frå Fylkesmannen frå 2005<sup>3</sup>. Vi vil påpeika at nemnde undersøkingar ikkje er klassifisert i henhold til gjeldande rettleiing (Miljødirektoratet, TA-2229/2007).

Eigedomen har tidlegare vore brukt av sjøforsvaret for lagring og vedlikehald av miner, m.a. miner med brunsteinsbatteri, som inneheld tungmetall. Kasserte batteri blei i ein periode deponert i utfylte sprengsteinsmasser på eigedomen.

Søklar har fått gjennomført stabilitets- og geotekniske vurderingar av omsøkt utfylling<sup>4</sup>. Konsulentfirmaet Prosjekt AS konkluderer med at moloen vil vera stabil, under føresetnader som framgår av rapporten.

### **Fylkesmannens merknader til tiltaket**

Basert på resultatet frå tidlegare sedimentundersøkingar har ikkje Fylkesmannen grunn til å tru at botnsedimentet i det aktuelle utfyllingsområdet er vesentleg forureina.

Med bakgrunn i den store naturtyperikdommen i nærleiken, kan det i midlertidig likevel bli aktuelt å setja krav om avbøtande tiltak for å hindra partikkelspreiing.

Søklar har planlagt å leggja ut lense, med skjørt hengande 5 meter ned. Dette vil bidra til å samle opp eventuelle skyteleidningar av plast, samt å hindra noko partikkelspreiing frå sprengsteinen i det den vert deponert i sjø.

I nærleiken av utfyllingsområdet er det gjort registreringar av tre ålegrasenger med verdi A (svært viktig). Verdien på dei to minste ålegrasengene er satt ut frå samla areal av alle ålegrasengene i Torsteinsvika (> 200 000 kvm), som tilseier svært høg økologisk verdi, i tillegg overlappar engene med eit viktig gyteområde for torsk, verifisert av Havforskningsinstituttet (HI). Verdibegrunninga til den største ålegrasenga er storleiken og den tette vegetasjonen av høge ålegrasplanter, samt overlapping med gyteområdet. Det er også foretatt 2 registreringar av den viktige naturtypen «blautbotnsområder i strandsona», verdi B (viktig). Desse er viktige funksjonsområder for fisk, og innehar høg naturtyperikdom.

Torsteinsvika er eit gruntvassområde av regional verdi, og er eit svært viktig overvintringsområde for sjøfugl. Registreringar i området viser høge verdiar for artar som horndykker og gråstrupedykker. Horndykker ligg inne i raudlista som truga art. For denne arten er området vurdert til å ha nasjonal verdi.

I henhold til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9, kan det i eit løyve etter forureiningslova bl.a. bli aktuelt å stilla ytterlegare krav til avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av arbeidet, medrekna fastsetting av sesongmessige tidsavgrensingar.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven», fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

---

<sup>3</sup> Fylkesmannen (2005) Åmøy Næringspark AS - Tillatelse til mudring og etablering av småbåthavn ved Vestre Åmøy, Rennesøy kommune (01.06.2005)

<sup>4</sup> Prosjekt AS (2015) «Åmøy havn, molo – stabilitetsvurdering»

Akkar AS (2014) «Undersøkelse av sjøbunn og grunnforhold for ny fyllingsmolo i Åmøy Havn».

Geomap AS (2015) «Refraksjonsseismiska grundundersøkingar»

### Offentlig ettersyn

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Stavanger Aftenblad. Kunngjeringskostnadene skal dekkast av søker. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

### Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Rennesøy kommune, Asalveien 6, Vikevåg, 4159 Rennesøy, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

### Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt en finn dette nødvendig. Vidare må det gis opplysningar om det omsøkte anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsbestemmelsar m.v. for området.

Kommunens uttale bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkelig beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Det anbefalast at kommunen føretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Einar Hauland  
fung. fylkesmiljøvernssjef

Marte Kjelby  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Saksbehandlar: Marte Kjelby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48  
E-post: [fmromkj@fylkesmannen.no](mailto:fmromkj@fylkesmannen.no)

### Vedlegg:

Søknadsdokumenter (2 sett, inkl. 1 sett til offentlig utlegging)  
Tilleggsopplysningar - marine naturtypar  
Kunngjeringstekst  
Kopi av brev av 08.07.2015 til andre høyringsinstansar

### Kopi (utan vedlegg) til:

Åmøy Havn AS Båsen 38 4152 VESTRE ÅMØY